

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 23.02.2023
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2023/1040

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.03.2023

STYRESAK:
018/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF» til vitende.

Oppsummering

Styringsdokumentet klargjer premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål, oppdrag og resultatkrav til helseføretaka.

Helseføretaka sak innrette verksemda si med sikte på å nå overordna hovudmål:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Fakta

Regjeringa har det overordna målet om:

- God helse og meistring i befolkninga, uavhengig av sosial bakgrunn
- Gode pasientforløp og rask tilgang til tenester i heile landet
- Helse- og omsorgstenesta er ein attraktiv arbeidsstad i eit livslangt karriereløp
- Berekraftig og rettferdig ressursbruk
- Helse- og omsorgssektoren er førebudd i møte med kriser og katastrofar

Nye dokument vert lagt til grunn for utvikling av tenesta. Nasjonale dokument er:

- NOU 2022:5 Myndighetenes håndtering av koronapandemien – del 2
- Meld St- 40 (2020-2021) Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030
- Regjeringa sin strategi og beredskapsplan for handteringa av covid-19-pandemien
- Strategi for persontilpassa medisin
- Meld. St. 6 (2022-2023) Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap – Statens direkte eierskap i selskaper (eierskapsmeldingen)

Regionale dokument er:

- Regional plan for smittevern i Helse Vest
- Regional utviklingsplan Helse Vest 2023-2035

Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 16. februar 2023. Styringsdokumentet vert deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 28. mars 2023.

Styringsdokument 2023 har tre hovudmål:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Helseføretaka skal bidra til at menneske med psykiske lidingar og rusmiddelproblem får gode og likeverdige tenester uavhengig av geografi.

Det skal leggest fram ein ny opptrappingsplan for psykisk helse i 2023.

Ordninga med å tilby vurderingssamtale til alle som blir tilviste til psykisk helsevern barn og unge skal vidareførast i 2023.

Talet på pasientar (per 100 000 innbyggjarar) med vedtak om tvangsmiddel i psykisk helsevern for vaksne skal reduserast.

Aktiviteten i psykisk helsevern skal vere høgare i 2023 samanlikna med 2022, både innan døgnbehandling og poliklinisk aktivitet.

2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik

Norsk helsevesen skal vere prega av openheit og tillit. Det nasjonale arbeidet med pasienttryggleik og kvalitet er sentralt. Helseføretaka skal vidareføre arbeidet med å redusere og førebyggje omfanget av pasientskader vi sjukehusa. Trygge tilsette og openheit om uønskte hendingar er sentralt for å lære av og førebyggje pasientskadar.

Medarbeidarane er den viktigaste ressursen til helsetenestene. Systematisk arbeid med å behalde, utdanne og rekruttere helsepersonellet som arbeider i tenesta, særleg innanfor psykisk helse, er viktig.

Talet på kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderer pasientar i 2023 skal aukast med minst 15 prosent samanlikna med 2022.

Talet på utdanningsstillingar for sjukepleiarar innan anestesi-, barn-, intensiv- operasjons- og kreftsjukepleie, samt jordmødrer skal aukast samanlikna med 2022.

Talet på lærlingar i helsefagarbeidarfaget skal aukast samanlikna med 2022.

Talet på LIS i psykiatri skal aukast samanlikna med 2022.

3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Regjeringa skal legge fram ei stortingsmelding om akuttmedisinske tenester som omfattar responstider og ein fagleg standard for innhaldet i ambulansetenesta.

Nye arbeids- og samarbeidsformer, som digital heimeoppfølging, skal takast i bruk for å gje eit meir tilpassa tenestetilbod. Det skal arbeidast strukturert med å understøtte gode og samanhengande pasientforløp, samt for distriktsmedisinske og lokalmedisinske senter.

Gjennomsnittleg ventetid skal ikkje auke samanlikna med 2022 for somatikk, psykisk helsevern for barn og unge, psykisk helsevern for vaksne og TSB.

Prosentdelen av polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon skal vere over 15 prosent.

Prosentdelen av pakkeforløp gjennomført innanfor standard forløpstid for kvar av dei 24 kreftformene skal vere minst 70 prosent.

Minst 70 prosent av epikrisene skal vere sende innan 1 dag etter utskriving innan somatikk, psykisk helsevern for vaksne og TSB.

Bemanning, leing og organisasjon:

Helseføretaka må arbeide systematisk med å ta vare på sine medarbeidarar, og utarbeide planar for å behalde, utvikle og rekruttere personell. Arbeidet med inkludering og mangfald må vidareførast. Arbeidet med å utvikle heildagskultur og redusere deltid i helseføretaka skal vidareførast. Helseføretaka må og arbeide med tiltak som reduserer innleige og følgje nøye med på utfordringane knytt til bierverv.

Andre oppdrag:

Andre oppdrag omhandlar m.a.

- Samfunnsansvar og staten sine forventningar i eigarskapsmeldinga
- Beredskap og sikkerheit – utvikle operative beredskapsplanar, sikre robust infrastruktur og bemanning i AMK-ane
- Eigedom – plan for å nå mål for tilstandsgrad for bygningsmassen
- Pasientreiser – dokumentere gevinstar og gevinstrealisering internt i føretaket
- Luftambulansebasefasilitetar – gjennomføre nødvendige oppgraderingar og vedlikehald av egne luftambulansebasefasilitetar

Økonomi:

Resultatkravet til Helse Førde HF er i 2023 fastsett til eit resultat på 0 millionar kroner.

Oppfølging og rapportering:

Rapporteringa omhandlar:

- ✓ Månadleg rapportering frå verksemda
- ✓ Tertialrapportering
- ✓ Rapportering på kvalitetsindikatorar
- ✓ Årleg melding
- ✓ Årsrekneskap og årsberetning
- ✓ Rapport om bruk av midlar og aktivitet

Konklusjon

Styringsdokumentet gir føringar for Helse Førde si drift og aktivitetar i 2023.

Nokre viktige område framover blir:

- Styrke psykisk helsevern og rusbehandling
- Styrke forskning, innovasjon og kompetanse
- Kvalitetsforbetring – kvalitetsindikatorane ventetider og fristbrot m.m.
- Samhandling med kommunane – helsefellesskap
- Beredskap og sikkerheit
- Oppdrag knytt til Topp 5 risiko
- Samfunnsansvar og staten sine forventningar i eigarskapsmeldinga
- Oppnå økonomisk bærekraft

Administrerende direktør vil følgje utviklinga av hovudmåla og dei ulike områda nøye utover året, mellom anna ved jamlege rapporteringar.

Vedlegg:

Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF